

Saksbehandlar: Mona Rasmussen Sævik**Fungerande kommunedirektør:** Åsmund Andersen Sekse

Saksnr.	Utval	Møtedato
018/25	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	02.06.2025
015/25	Ungdomsråd	02.06.2025
029/25	Hovudutval	04.06.2025
030/25	Kommunestyre	17.06.2025

Kriterium for fordeling av pott til heider og stipend

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Etne kommune vedtek kriterium for tildeling av pott til heider og stipend slik det ligg føre i saka.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, 02.06.2025 - 018/25

Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Samrøystes

Rådet tek saka til vitande.

Vedtak som innstilling frå Ungdomsråd, 02.06.2025 - 015/25

Uttale frå Ungdomsrådet: Samrøystes

Ungdomsrådet tilrår at formålet til stipend vert utvida til å gjelda grupper og lag.

Ungdomsrådet tar elles saka til orientering.

Vedtak som innstilling frå Hovudutval, 04.06.2025 - 029/25

Tilråding frå Hovudutvalet

Samrøystes

Etne kommune vedtek kriterium for tildeling av pott til heider og stipend slik det ligg føre i saka.

Punkt 2 kulepunkt 2 under målgruppe blir endra til: Må vere busett i Etne kommune eller ha sterk tilknytning til Etne kommune.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.06.2025

Behandling:

RF - 018/25 Vedtak:

Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Samrøystes

Rådet tek saka til vitande.

Hovudutval 04.06.2025

Behandling:

Endringsforslag - Endringsforslag, foreslått av Hilde Hellenes, Arbeiderpartiet

Punkt 2 kulepunkt 2 under målgruppe blir endra til: Må vere busett i Etne kommune eller ha sterk tilknytning til Etne kommune.

Røysting

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

Endringsframlegg frå Ap samrøystes.

HOV - 029/25 Vedtak:

Tilråding frå Hovudutvalet

Samrøystes

Etne kommune vedtek kriterium for tildeling av pott til heider og stipend slik det ligg føre i saka.

Punkt 2 kulepunkt 2 under målgruppe blir endra til: Må vere busett i Etne kommune eller ha sterk tilknytning til Etne kommune.

Kommunestyre 17.06.2025

Behandling:

Endringsforslag - Omforeint endringsforslag, foreslått av Andreas Grumheden, Arbeiderpartiet

Kommunestyret vedtar tilråinga frå hovudutvalet med følgande endringar:

Formål for stipend: endrast til følgande: Å støtta og motivera unge talent, anten individuelt eller som lag/gruppe, innan kultur og idrett i Etne kommune.

Søknadsfristen endres til 31. desember

Røysting

Hovudutvalet si tilråding samrøystes vedteke.

Det omforeinte endringsforslaget samrøystes vedteke.

K - 030/25 Vedtak:

Samrøystes

Etne kommune vedtek kriterium for tildeling av pott til heider og stipend slik det ligg føre i saka.

Endring:

Punkt 2 kulepunkt 2 under målgruppe blir endra til: Må vere busett i Etne kommune eller ha sterk tilknytning til Etne kommune.

Formål for stipend: endrast til følgande: Å støtta og motivera unge talent, anten individuelt eller som lag/gruppe, innan kultur og idrett i Etne kommune.

Søknadsfristen endrast til 31. desember

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I budsjettet for 2025 - økonomiplan 2025-2028, saksnummer 115/24 Kommunestyremøte desember 2024 blei det vedteke eit verbalpunkt under overskrifta "Pott til heider og stipend".

Pott til heider og stipend

Etne kommunestyre ønskjer å heidra dei som legg ned store krefter for å hevda seg, det vera seg norgesmeisterar, internasjonale meisterar eller andre som har utmerka seg innanfor sine felt. Det er satt av ein pott på 50 000,- som formannskapet skal dela ut etter gitte kriterier utarbeida av administrasjonen. I tillegg så skal potten og brukast til å dela ut stipend til unge talent, eit innanfor kulturfeltet og eit innanfor idrett.

Bestillinga er å laga kriterier slik at formannskapet kan dela ut 50 000kr etter desse kriteriane.

Saks- og faktaopplysningar

Det er laga kriterier for å fordela potten på 50 000kr til heider og stipend. Dokumentet er delt i tre deler der den fyrste delen tar for seg heider til personar som har utmerka seg og ein andre del som gjeld stipend til unge talent. Tredje og siste del gjeld søknadsprosess og utbetaling. Frist for å melda inn kandidatar eller søkja om støtte vil vera 1. august. Kultureininga opnar for å ta i mot desse 1. mai slik at ein har god tid til å melda inn og eller søkja. Kultureininga skriv sak til septembermøtet der formannskapet gjer vedtak. Det vil så fort denne saka er vedteke bli opna for søknadar for 2025.

1: Heider til personar som har utmerka seg

Formål:

Å gje anerkjenning til personar frå Etne kommune som har markert seg på høgt nivå innan idrett, kultur eller andre samfunnsområde.

Kriterium for tildeling:

- Personen må vera busett i, eller ha sterk tilknytning til Etne kommune.
- Må ha oppnådd ein dokumentert prestasjon av høg nasjonal eller internasjonal verdi, t.d.:
 - Vunne NM, EM, VM eller tilsvarande
 - Blitt kåra til årets utøvar, årets frivillig, etc.
 - Utmerka seg gjennom langvarig innsats eller banebrytande arbeid innan eige felt
- Heider kan også gjevast til grupper/lag.

Støtteomfang:

- Det blir ikkje delt ut faste summar – formannskapet vurderer beløp ut frå prestasjon, representativitet og budsjett.

Forslag til kandidatar:

- Kan fremjast av organisasjonar, lag, enkeltpersonar eller politikarar.
- Skal vera skriftlege og grunngjevne, med dokumentasjon der det er relevant.

2: Stipend til unge talent

Formål:

Å støtta og motivera unge talent innan kultur og idrett i Etne kommune.

Målgruppe:

- Barn og unge mellom 13 og 25 år
- Må vera busett i Etne kommune og aktiv innan sitt felt over tid
- Kan søkjast individuelt eller via føresette/lag

Kriterium for tildeling:

- Viser stort engasjement og utviklingspotensial innan kultur (t.d. musikk, kunst, dans, film, teater, litteratur) eller idrett
- Har mål og planar for vidare utvikling (t.d. deltaking på samlingar, kurs, meisterskap)
- Har behov for økonomisk støtte til utstyr, kurs, reiser eller anna relevant aktivitet

Tildeling:

- Eitt stipend innan kultur og eitt innan idrett årleg
- Kvar stipend kan vera på inntil kr 10 000,- (justerbart etter år og søkjargrunnlag)

3: Søknaprosess

- Kultureininga opnar for søknadar frå 1. mai
- Søknapfrist 1. august
- Søknap skal innehalde:
 - Kort presentasjon av søkjar
 - Kva ein ønskjer å bruka stipendet til
 - Dokumentasjon frå trenar/lærer/mentor

Utbetaling:

- Midlar utbetalast etter vedtaket er gjort i formannskapsmøtet.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek kriterium for tildeling slik det ligg føre i saka.

Vedlegg:

Kriterium for fordeling av pott til heider og stipend